
Saksnr: 2020/34982-20
Saksbehandlar Tone Bøyum
Dato: 01.02..2021

Til: Sekretariatet for klagenemnda

Frå: INV - Forvaltning Bergensområdet

Oversending av klage - Avkjørsel - Fv. 562 - Gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune

Samandrag:

Bjørn K. Skarsvåg søkte 13.05.20 om avkjørsel frå fylkesveg 562 til eksisterande fritidsbustad på gnr. 21 bnr. 237 i Askøy kommune. Bakgrunn for søknad er Askøy kommune sitt vedtak om retting av ulovleg etablert avkjørsel og parkering på gnr. 21 bnr. 237, samt Statsforvaltaren i Vestland si stadfesting av dette vedtaket etter klage.

Avdeling for infrastruktur og veg, forvaltning bergensområdet, gjorde vedtak om avslag på søknaden i brev av 25.08.2020 (med feil dokumentdato 24.06.20). Det vart fatta slikt vedtak: «Med heimel i veglova §40 og § 43» gir vi avslag til etablering av avkjørsle frå fylkesveg 562 til eigedomen gnr. 21 bnr. 237 i Askøy kommune». Omsynet til trafikktryggleiken på staden og framkome på fylkesvegen var grunngevinga for avslaget.

Askøy kommunehar fatta vedtak om at avkjørsle skal stengast og at ulovleg opparbeidd areal til parkering og snuareal skal tilbakeførast. Grunneigar har retta seg etter dette, og saka er avslutta hos kommunen i brev av 01.02.2021

Advokat Bjørn Liabø har på vegne av Bjørn K. Skarsvåg klagt på avslag på søknad om avkjørsel i brev av 08.09.2020.

Avdeling for Infrastruktur og veg har ikkje funne grunnlag for å endre avgjerda.

John Martin Jacobsen
seksjonsleiar

Hege Løtveit
leiar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Fylkesdirektøren infrastruktur og veg (INV) 31.05.2021:

Bakgrunn

Kort oversikt:

Bjørn K. Skarsvåg sendte søknad om avkjørsle i brev mottatt 22.05.2021. Søknaden er ikkje grunngeve.

Søknaden kom som følge av ei sak om ulovlegheitsoppfølging, der Askøy kommune av slo søknad etter plan og bygningslova for ulike tiltak utført på eigedommen. Kommunen fatta også pålegg om retting. Statsforvaltaren har i brev av 27.03.2020 slått fast at dagens avkjørsle, veg parkering og snuareal er ulovleg anlagt etter plan og bygningslova og at det ikkje føreligg godkjent løyve etter veglova.

I brevet frå Statsforvaltaren står det mellom anna:

«Som grunnlag for pålegget 18.09.2019 har kommunen vist til at etablering av avkjørsel og veg er søknadspliktig, jf. plan- og bygningsloven § 20-2, jf. § 20-1 bokstav l.

Tiltaket er i tillegg i strid med arealformålet i kommuneplanens arealdel (LNF), hvor det i utgangspunktet bare er tillatt med landbrukstiltak, og annen gårdstilknyttet næring, jf. plan- og bygningsloven § 11-7 nr. 5 bokstav a, jf. § 11-6.

Mulige brudd på annet lovverk, slik som vegloven, kan i utgangspunktet ikke sanksjoneres eller kreves rettet etter plan- og bygningsloven, se bl.a. plan- og bygningsloven § 32-3 første ledd. Det er likevel unntak fra dette dersom avviket samtidig er et brudd på plan- og bygningsloven i seg selv. Dette gjelder bl.a. ved avvik fra § 27-4 første ledd, siste setning. Bestemmelsen krever at avkjørsler fra offentlig veg må være godkjent etter veglovens bestemmelser. Med mindre slik tillatelse foreligger, er tiltaket også ulovlig etter plan- og bygningsloven § 27-4.

Vi har ikke vesentlige merknader til kommunens fremstilling av lovverket eller faktiske forholdene. Kommunen viser til bilder fra eiendommen 27.08.2019, hvor det fremgår at det blitt brukt anleggsmaskiner, og at dette ikke er vanlig ved vanlig vegvedlikehold. At avkjørselen er av nyere dato, støttes også av flyfoto inntatt i pålegget side 3, fra henholdsvis 1965, 2008 og 2018.

Det foreligger heller ingen tillatelse til avkjørselen i det kommunale arkivet. At tomten «grenser til hovedveg i vest» i byggeanmeldelsen fra 1964, betyr ikke nødvendigvis at det er godkjent noen avkjørsel, men at tomtegrensene går langs veg. På situasjonskartet fra byggemeldingen er det ikke inntegnet noen veg, noe som klart støtter kommunens forståelse. Vi legger til at kommunen ikke har myndighet til å godkjenne avkjørsler fra fylkesveger i uregulerte strøk, 1 og heller ikke hadde heller slik myndighet i 1964. Det er derfor lite naturlig å tolke byggemeldingen eller tillatelsen fra bygningsrådet 10.06.1964 som at avkjørselen ble godkjent.»

Vidare skreiv Askøy kommune mellom anna dette i brev til grunneigar i brev av 01.02.2021:

«Det vises til vedtak om pålegg og ilegging av tvangsmulkt av 18.9.2019 i forbindelse med ny avkjørsel, veg og parkeringsplass på eiendom gbnr 21/237.

Det er den 29.1.2021 mottatt melding om at forholdet er rettet ved at området er tilbakeført. Det anmodes i samme melding om at tvangsmulkt stoppes. Melding er vedlagt.

Det er i meldingen lagt med et bilde som viser at tidligere parkerings- og snuareal er tildekket med jordmasser. Det går ikke frem av melding om tidligere anlagte steinmasser er fjernet. Vi har vurdert forholdet og er kommet frem til at parkerings- og snuareal fremstår som tilbakeført. På bilde er avkjørsel stengt med et stengsel. Viste stengsel er ikke å anse som en permanent løsning for stenging av avkjørsel. Stenging av avkjørsel ligger til vegeier å håndheve. Vegeier er Vestland fylkeskommune».

Nærare om sakshandsaminga:

Statens vegvesen varsla Bjørn Karsten Skarsvåg i brev av 27.08.19 om stans i arbeid på/langsmed fv. 562 i Askøy kommune. Vegvesenet viser til at arbeidet vert utført utan godkjent


arbeidsvarsling og at dette medfører fare for dei som utfører arbeidet og dei vegfarande på fv. 562. Det vert vidare opplyst at det er nødvendig med løyve for å etablere avkørsel frå fv. 562, og at Statens vegvesen ikkje kan sjå at dette er gjeve, og krev stans i arbeidet.

Askøy kommune opplyste i brev av 28.08.19 om at etablering av avkørsel og parkering er søknadspliktige tiltak etter plan- og bygningslova, og at tiltaka var rekna som ulovlege sidan dette ikkje var søkt om. Kommunen varsla samstundes om pålegg om retting av ulovleg tiltak og tvangsmulkt om dette ikkje vart etterkomme.

Bjørn Karsten Skarsvåg opplyste i brev av 30.08.19 om at avkørsel vart etablert samstundes med fritidsbustad, og at det difor var snakk om vedlikehald av ein eksisterande avkørsel. Det vart vidare argumentert med at ein avkørsel, med snuplass utanfor vegen, er tryggare for brukarar av fritidsbustad og trafikantar på fv. 562 enn parkering i vegkanten.

Statens vegvesen opplyste i brev av 06.09.19 at fritidsbustad på gnr. 21 bnr. 237 i dag har gangtilkomst til fv. 562, og at bruk av denne med motorkøyretøy er ulovleg bruk. Vegvesenet vedtok i same brev stenging av avkørselen for motorkøyretøy.

Askøy kommune har i brev av 18.09.19 fatta vedtak om pålegg av retting av tiltak og ilegging av tvangsmulkt. Advokat Bjørn Liabø har på vegne av Bjørn K Skarsvåg i brev av 11.10.19 påklaga kommunen sitt vedtak. Fylkesmannen i Vestland stetta i brev av 27.03.20 Askøy kommune sin vurdering av at det aldri er gjeve løyve til avkørsel til gnr. 21 bnr. 237 frå fv. 562. Fylkesmannen vedtok i same brev å stadfeste Askøy kommune sitt vedtak om retting av tiltak og ilegging av tvangsmulkt.



Figur 1: Eigedom gnr. 21 bnr. 237 markert med blå pil

Planstatus


Eigdommen er i kommuneplanens arealdel avsett til LNFR (landbruk-, natur-, fritids- og reindriftsformål).

Det er tatt inn byggjegrænse mot fylkesveg i kommuneplanens arealdel i medhald av pbl. § 11-9 nr. 5 jf. veglova § 29 første setning. Føresegnene til KPA jf. Pkt. 7-1 «Byggjegrænse mot fv. 562 er 50 meter». Det er difor Askøy kommune som behandlar søknad om dispensasjon frå byggjegrænse mot fylkesveg.

Stadlege opplysingar

Fylkesveg 562 har på den aktuelle staden årsdøgntrafikk (ÅDT) på 3800 køyretøy fartsgrense 80 km/t. Omsøkte avkørsel ligg på ein bein strekning kor fartsnivået truleg er høgt. Fv. 562 har i *Rammeplan for avkørsler og strekningsvis vurdering av haldning til byggjegrænser for riks- og*

fylkesveg i Region vest (2017 - 2020) haldningsklasse 2/streng. Fylkesvegen har to køyrefelt, men ikkje gul midtstripe.



Situasjonskart (t.v) vedlagt nabovarsel viser både avkjørsle og parkeringsareal. Del av Reguleringsplan 358 og forholdet til fritidseigedomen (t.h).

Avslag på søknad om avkjørsel

Avdeling for infrastruktur og veg, forvaltning bergensområdet gav med heimel i veglova §§ 40 og 43 avslag på søknad om avkjørsel i brev datert 24.06.20.

Søknaden er vurdert med bakgrunn i at det ikkje føreligg eit avkjørsleløyve. Når avkjørsle er ulovleg oppført må vi sjå vekk i frå at den allereie er i bruk som avkjørsle, og vi må vurdere forholda ut i frå dagens regelverk og retningslinjer.

Grunngjeving for avslag:

- Ei ny avkjørsle som omsøkt vil medføre redusert trafikktryggleik på strekninga. Dette mellom anna fordi det er ein samheng mellom talet på avkjørsler på ein vegstrekning og risikoen for ulukker. Det er lagt vekt på at fartsnivået er høgt på strekninga, og at dette bidreg til auka risiko for alvorlege ulukker.
- Strekninga av fv. 562 kor det er søkt om avkjørsle har ein viktig transportfunksjon. Etablering av avkjørsle vi bidra til å byggje ned transportfunksjonen.
- Det er regulert ei løysing for kryssområde til eit deponiområde i plan 358 om lag 200m nord for fritidsbustaden. Anbefaler at det vert sett på ei løysing som kan nytte denne avkjørsle.

Rettsleg grunnlag:

- **Veglova:**

Veglova § 1:

«Formålet med denne lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetting for vegstyremaktene å skape størst mogleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles.»

Veglova § 40:

«Avkjørsle frå offentleg veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven.

Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle, må avkjørsle frå offentleg veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå vegstyremakta.

Vegstyremakta kan krevje at avkjørsle frå offentleg veg skal byggast etter ein plan den godkjenner. Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.»

Veglova § 41:

«Vegstyremakta kan påby avkjørsle frå offentleg veg flytt eller endra, eller avgrense bruken eller nekte bruken av slik avkjørsle.

Veglova § 42:

«Blir avkjørsle bygd eller nytta i strid med det som er fastsatt i eller med heimel i denne lova, kan vegstyremakta gi påbod om at avkjørsla skal stengast, endrast eller flyttast på den ansvarlige sin kostnad.»

Veglova § 43:

«Avkjørsle skal byggast og haldast ved like i samsvar med reglar som Vegdirektoratet fastsetter. Så langt det ikkje er fastsett noko anna, skal desse reglane gjelde i staden for vilkår som tidligare måtte vere sette for løyve til avkjørsla. I reglane kan det fastsettast at det skal gjelde særlege frisiktliner mellom avkjørsla og den offentlege vegen. Om vegstyremakta finn det naudsynt, kan slike frisiktliner òg gjerast gjeldande utanom byggegrensene. Vegstyremaktene kan òg sette som vilkår for løyve til avkjørsle i det einskilde tilfellet at eigaren eller brukaren av avkjørsla syter for å halde fri sikt etter slike liner som er fastsette av vegstyremakta.

Eigaren eller brukaren av eigedomen er ansvarlig for vedlikehald av avkjørsle til eigedomen. Er vedlikehaldet ikkje forsvarlig, kan det, så langt det blir funne naudsynlig, gjerast på den ansvarlige sin kostnad.

Er avkjørsle bygd og halden ved like i samsvar med fastsette reglar, syter vegstyremakta for at vasslaup under avkjørsla blir halde ope.

Statens vegvesen tar avgjerd etter denne paragrafen for riksvegar, fylkeskommunen for fylkesvegar og kommunen for kommunale vegar.»

- **Rammeplan for avkøyrslar og byggegrenser på riks- og fylkesvegar 2017-2020**

Rammeplan for avkøyrslar og byggegrenser på riks- og fylkesvegar 2017-2020 (heretter Rammeplanen) er eit ikkje juridisk bindande dokument, men ein rettleiar som skal gje føringar for kva som skal leggjast til grunn ved handsaming av avkøyrslar- og byggegrensesaker. Rammeplanen har vore til endeleg behandling i Hordaland fylkeskommune og i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Dei einskilde vegane har fått tildelt ein haldningsklasse som gjeld mellom anna byggegrensesakene. Haldningsklassane er ein peikar på kor strengt søknadene bør vurderast. Haldninga er visualisert med ulike fargekodar på kart. Fylkesvegnettet er sett i ein av fire haldningsklasser:

1. Meget streng haldning (Raud).
2. Streng haldning (Gul).
3. Mindre streng haldning (Blå).
4. Lite streng haldning (Grøn).

Det går fram av reglement for folkevalde organ og delegering for Vestland fylkeskommune, reglement for klagenemnda pkt. 5, klagenemnda sin kompetanse: «Klagenemnda sin kompetanse går fram av forvaltningslova § 34. Vedtaket det vert klagt på kan avvisast, stadfestast, opphevast eller endrast på dei vilkåra som går fram av lova».

Sidan saka vart vartr handsama, har Vestland fylkeskommune vedtatt ny Rammeplan. I den nye rammeplanen er det ikkje gjort endringar av haldningsklassen på strekninga, søknad om avkøyrslar skal framleis vurderast strengt.

- **Retningslinje for behandling av avkøyrslar R-701. Statens vegvesen 2014.**

Klagen

Advokat Bjørn Liabø har på vegne av Bjørn K. Skarsvåg klagt på avslag på søknad om avkøyrslar i brev av 08.09.2020

«Vedtaket i overnevnte sak påklages. Vedtaket er datert 24. juni 2020 men Bjørn Skarsvåg mottok vedtaket først 18. august 2020. Klagen er med dette inngitt rettidig.

Vedtaket påklages ettersom saken ikke synes å være godt nok opplyst slik at grunnlaget for vedtaket, og resultatet, er uriktig.

Vedtaket bes omgjort slik at kommunens vedtak blir omgjort og det gis tillatelse til avkjørsel.

Vi vil gjennomgå sakens dokumenter og komme tilbake til ytterligere merknader».

Det er ikkje registrert ytterlegare merknader frå klagar i saka.

Vurdering av klagen:

Det vert framført i klagen at saka er mangelfullt opplyst. Askøy kommune har handsama saka etter plan- og bygningslova, og klage på kommunen sitt vedtak har vorte handsama av Fylkesmannen i Vestland (Statsforvaltaren). Vi legg difor til grunn at saka er tilfredsstillande opplyst jf. forvaltningslova § 17. INV, ved stab, har også vært på staden 05.03 2021¹. Vedlegg 1 og 2 er bilete frå aktuell dato. Vi legg vidare til grunn at det aldri er gjeve løyve til å etablere avkjørsel frå fv. 562 til gnr. 21 bnr. 237 for motorkøyretøy, og at ny avkjørsel krev løyve jf. veglova § 40.

Veglova si føremålsparagraf viser til at vegmynde ikkje berre skal ta ansvar for å sikre ei trygg og effektiv trafikkutvikling, men og ta omsyn til die interesser som naboar og samfunnet elles måtte ha. Ved søknad om avkjørsle skal ein vurdere både veg- og trafikkmessige forhold, og omsynet til trafikktryggleiken og framkome på vegen står heilt sentralt i vurderinga. Målet med avkjørslevurderinga er å oppretthalde eit akseptabelt trafikktryggleiknivå, der ein ikkje berre skal vurdere sjølve avkjørsle, men også avkjørsle sett i høve til andre avkjørsler og kva auka aktivitet på strekninga vil kunne medføre.

Avslaget vert grunngjeve med at ny avkjørsel på staden vil medføre redusert trafikktryggleik for trafikantar på fv. 562 og brukarar av avkjørsel. Fylkesvegen er for det meste fri for avkjørsler på strekninga mellom Ravnanger og Kjerrgarden. Det er nokre større kryss, til dømes mot Davanger og på Åsebø, men relativt få avkjørsler. Dette er fordi ein ynskjer å oppretthalde transportfunksjonen og at fartsnivået er høgt.

Det kjem fram av klagar sitt svarbrev til Statens vegvesen av 30.08.219 at fritidsbustaden er i bruk, og vil bli brukt i framtida. Klagar skriv at ein ved bruk av fritidsbustad nyttar personbil som transportmiddel, og at denne blir parkert i vegkant og på eigedommen gnr. 21 bnr. 237. Bilete frå staden stettar opp om denne forklaringa.

Vi vurderer at dagens situasjon med parkering i vegkant langsmed fv. 562 ikkje er ei god løysing med omsyn til trafikktryggleiken til trafikantar på fv. 562 og brukarar av fritidsbustad på gnr. 21 bnr. 237. Det kan vere mogleg å innfri dei tekniske krava som friskt og utforming av avkjørsle på staden. Vi vurderer likevel at det vil vere trafikkfarleg å etablere ei ny avkjørsle her. Dette er med omsyn på dei stadlege forholda, og at risikoen for alvorlege ulukker aukar med antal avkjørsler og fartsnivå på strekninga. Det vil og kunne skape presedens for andre som ynskjer å etablere avkjørsle på strekninga.

¹ Synfaringa var for å oppleve staden



Fig: Google Street View 2009. Det er ikkje mogleg å sjå at det er tilrettelagt for parkering.



Bilete frå 2018, det er etablert ein form for parkering, samt at det vert parkert langs veg..

Det er ein samanheng mellom talet på avkøyrslar og transportfunksjonen til offentlege vegar, di fleire avkøyrslar di meir vert transportfunksjonen redusert. Like nord for avkøyrsla det er søkt om, er det regulert eit større deponiområde, med eige avkøyringsfelt for større køyretøy. Avkøyringsfeltet er planlagt fordi det er høgt fartsnivå og større køyretøy treng lengre strekning for å redusere farta tilstrekkeleg. Kryssområde inn til deponiet er regulert nord for dette igjen. Deponiområdet er under utvikling og er ikkje ferdigstilla eller i drift. Det vil likevel seie at det er under etablering fleire avkøyringspunkt og kryss på ei kort strekning av fylkesvegen. Vi meiner det er relevant å sjå på utviklinga i området samla og finne dei beste trafikale løysingane, framfor at det skal etablerast enkeltavkøyrslar på denne strekninga.

Sidan søknad og klage kom inn er det er ny Rammeplan (2021-2024) vedtatt i Fylkesutvalet i Vestland fylkeskommune. Rammeplanen er ikkje juridisk bindande men retningsgjevande for korleis vi skal vurdere søknad om avkøyrslar. Den strekningsvise vurderinga er gitt mellom anna med bakgrunn i trafikktryggleiken og vegen sin transportfunksjon. Den nye rammeplanen legg til grunn same strenge strekningsvise vurdering som den gamle rammeplanen. Som retningsline til handaminga er det vist til at:

«Talet på avkøyrslar til vegane skal vere svært avgrensa. Nye avkøyrslar og utvida bruk av eksisterande avkøyrslar, utanom til primærnæringane som er bunde av areala, bør avklarast i reguleringsplan. Val av stad for avkøyrslar må vurderast nøye med tanke på den framtidige arealutviklinga. Godkjenning til utvida bruk av avkøyrslar bør avgrensast. Dette gjeld særleg for bustadavkøyrslar.

Vi meiner at Rammeplanen stettar opp om at det ikkje skal vere kurant å få eit avkøyrslarøyve på denne strekninga, og at ein skal sjå på samfunnsutviklinga i området i ein heilskap.

Askøy kommune har gitt avslag med heimel i plan og bygningslova for å opparbeide parkerings- og snuareal innanfor byggjegransa langs fylkesvegen. Denne saka er endeleg avgjort av Statsforvaltaren i Vestland.

Klagen er ikkje grunngjeve utover påstanden om at saka ikkje er utgreidd tilstrekkeleg. Sidan klagen ikkje er grunngjeve er det er ikkje mogleg å drøfte klagars argument. Vi har vurdert saka på nytt og legg til grunn at momenta er tilstrekkeleg vurdert, og at vår konklusjon er at vi ikkje opnar for ny avkøyrsløse.

Vedlegg 1 og 2 Bilete frå synfaring 05.03.2021



Vedlegg

- 1 19_233792-1 Varsel om stopp av pågåande arbeid på gbnr 21_237 på Åsebø i Askøy kommune 10441600_2_1 (3)
- 2 19_233792-2 Gbnr-10_237---Forhandsvarsel-om-paalegg-og-tvangsmulkt 10463874_1_1
- 3 19_233792-3 Deres referanse_ 19_233792-1 10495017_1_1
- 4 19_233792-3 Statens vegvesen G 21 B 237 10495018_1_1
- 5 19_233792-4 Klageskjema 10564150_1_1
- 6 19_233792-4 Svar - Vedrørende varsel om stopp av pågåande arbeid på gnr. 21 bnr 10530943_7_1 (1)

- 7 19_233792-5 Gbnr-21_237---Paalegg-om-retting-og-ilegging-av-tvangsmulkt
10689447_1_1 (1)
- 8 Avkjørsel - Gnr. 21 bnr. 237 i Askøy kommune - Oversendelse av klagesak til Fylkesmannen
i Vestland
- 9 2018-2175-Multiconsult-AS_radonvurdering_resultater[29206]
- 10 Analyse-sprengstein[29204]
- 11 Epost
- 12 Gbnr-10_237---Forhaandsvarsel-om-paalegg-og-tvangsmulkt
- 13 Gbnr-21_237---Byggesak-fritidsbolig
- 14 Gbnr-21_237---Deres-klage-er-mottatt
- 15 Gbnr-21_237---Frist-for-innsendelse-av-tilleggs-klage
- 16 Gbnr-21_237---Klage-paa-vedtak
- 17 Gbnr-21_237---Kopi---Varsel-om-stopp-av-paagaaende-arbeid
- 18 Gbnr-21_237---Oversendelse-av-klagesak
- 19 Gbnr-21_237---Paalegg-om-retting-og-ilegging-av-tvangsmulkt
- 20 Gbnr-21_237---Sak-2018_4201---Fritidsbolig
- 21 Gbnr-21_237---Svar---Vedroerende-varsel-om-stopp-av-paagaaende-arbeid
- 22 Gbnr-21_237---Tilleggsklage
- 23 Gbnr-21_237---Tilsvar---Forhaandsvarsel-om-paalegg-og-tvangsmulkt
- 24 Klageskjema
- 25 Vedlegg
- 26 Stadfesting - byggesak - gnr 21 bnr 237 - etablering av avkjørsel parkering og snuareal -
Askøy kommune
- 27 587964
- 28 Søknad om avkjørsel - hytte - gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune
- 29 Søknad avkjørsel Askøy
- 30 HPSCAN_20200517113425673
- 31 ATT00001
- 32 Svar - Avkjørsle - Fritidsbustad - Fv. 562 - Gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune
- 33 Tilbakemelding - gnr 21 bnr 237 - utsatt frist - Askøy kommune - kopi av brev
- 34 Gbnr-21_237---Utsatt-frist
- 35 19_233792-1 Varsel om stopp av pågående arbeid på gbnr 21_237 på Åsebø i Askøy
kommune 10441600_2_1
- 36 19_233792-4 Svar - Vedrørende varsel om stopp av pågående arbeid på gnr. 21 bnr
10530943_7_1
- 37 19_233792-3 Deres referanse_ 19_233792-1 10495017_1_1
- 38 19_233792-3 Statens vegvesen G 21 B 237 10495018_1_1
- 39 19_233792-5 Gbnr-21_237---Paalegg-om-retting-og-ilegging-av-tvangsmulkt
10689447_1_1
- 40 Søknad om utbedring av avkøyrse - gnr 21 bnr 237 - Davangervegen - Askøy kommune
- 41 Scan_20200701_100045
- 42 Førrebels svar - Utbetring av avkøyrse - gnr 21 bnr 237 - Davangervegen - Askøy kommune
- 43 Nabovarsel - bygge godkjent avkøyrse og parkeringsplass - gnr 21 bnr 237 - Askøy
kommune
- 44 Kart
- 45 Klage på vedtak - avkøyrse - fritidsboligar - gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune
- 46 Klage på vedtak - Fv. 562 - Avkøyrse - Fritidsbustad - Gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune
- 47 Kopi - frist for retting av ulovlig utført tiltak - avkjørsel m.m - gnr 21 bnr 237 - Askøy
kommune
- 48 Kopi - Svar på henvendelse - avkjørsel - fv. 562 - gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune
- 49 Kopi - Svar på henvendelse - avkjørsel - gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune
- 50 Kopi - Avslutning av sak - ny avkjørsel m.m. - gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune
- 51 Gbnr 21_237 - Redegjørelse.pdf
- 52 Bilde_1.pdf
- 53 Oversendelse av vedtak av 18.09.2019 - avkøyrse - gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune
- 54 Gbnr 21_237 - Pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt.pdf
- 55 Avkøyrse frå fv. 562 gnr/ bnr 21/237 - Askøy kommune Fra Vestland Fylkeskommune
- 56 Sak 2019/5418 - gnr 21 bnr 237 - Askøy kommune
- 57 Avkøyrse frå fv. 562 gnr/ bnr 21/237 - Askøy kommune Fra Vestland Fylkeskommune
- 58 Avkøyrse frå fv. 562 gnr/ bnr 21/237 - Askøy kommune Fra Vestland Fylkeskommune